

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 19.02.2019

Desse møtte: Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne og Aksel Lygre. Tilsette og nære medarbeidarar deltok frå 18:00 til 20:00.

Sak 12 – 2019 Godkjenning av innkalling og møtebok av 15.01.18, og i tillegg sak 10 og 11, handsama og vedtatt på e-post. Meldt til soknerådet i møtet 19.02.19.

Sak 13 – Møte med tilsette og andre medarbeidarar: Evaluering og forslag til tiltak og endringar.

Saka vert handsama på neste møte. Sjå eige vedlagt skriv.

Sak 14 – 2019 Oppfylgning av tidlegare saker.

- Evaluering av medarbeidarfest 24.01.2019 i Håvik bedehus. Mange gode tilbakemeldingar.
- Invitasjon til tur til Estland sommaren 2019. Soknerådsmedlemmene vert oppfordra å melde seg på. Er ikkje klart enno kven som reiser frå soknerådet.
- Oppmerking av parkeringsplass. Vil bli gjort til våren
- Lysekroner. Saka ligg hos fellesrådet.
- Val av nytt sokneråd og moment frå valkurs – Aksel orienterte. Er i rute. Me legg til eit punkt i kommunikasjonsplanen, -at det vert orientert i gudstenestene om at det snart er soknerådsva, og at ein oppmodar folk om å be for soknerådsvalet.
- Oppretting av gudstenesteteam. Aksel orienterte.
- Konsert med Solveig Leithaug. Soknerådet stiller med kyrkjevertar.

Sak 15 – 2019 Årsmeldinga for 2018 og årsmøtet 2019.

Naudsynte endringar er blitt gjort. Årsmelding godkjendt.

Årsmøte 2019: Bibeltide v/ Aksel.

Kaffi, frukt og kjeks.

Rune leiar og legg fram Årsmeldinga.

Inger Marie legg fram årsrekneskap 2018 og budsjett 2019

Den faste kyrkjegjengaren vert oppfordra til å sjå sin plass i familegudstenesta.

Sak 16 – 2019 Årsrekneskap 2018 og budsjett 2019.

Soknerådet tek 4. kvartal og vedtak om disponering av overskot til ulike fond til vitande. Dette vert synleggjort i årsrekneskapen.

Soknerådet gjev fullmakt til AU og kasserar til å godkjenne årsrekneskapen.

Sak 17– 2019 KN-aksjonen. Praktisk tilrettelegging. Elin og Berit bestiller

materiell.

**Sak 18 – 2019 Forslag til ordning for familiegudsteneste. Sjå vedlegg.
Saka vert utsett til neste soknerådsmøte.**

**Sak 19 – 2019 Fullmakt til AU for soknerådet i hastesaker
Soknerådet gjev AU fullmakt i hastesaker som ikkje har økonomiske
konsekvensar. Samrøystes vedtatt.**

Sak 20 – 2019 Referat og meldingar

- Frå møte i fellesrådet
- Temakveldar vår 2019
- Orgelkomité.
- Besøk frå Estland 8.-10.mars, førebuing av tur
- Årsmelding, rekneskap og budsjett for Estlandskomiteen. Orientering.
- Årsmøte folkeakademiet. Soknerådet sender ingen utsending.
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre
- Det vert samrådsmøte i kyrkja den 2. april. Kl. 19.30.
Soknerådsformann sender ut innkalling. Inger Marie tek ansvaret for bevertning.

Sak 21 – 2019: Tur til Malawi for kyrkjelydspedagog.

**Moster sokneråd ser svært positivt på tiltaket. Soknerådet støttar
gjernar dette ut frå fordelingsnøkkel, og under føresetnad at dei andre sokneråda
også støttar dette. Me ser fram til at soknet får dra nytte av hennar kunnskap frå
reisa og gje inspirasjon til våre konfirmanter.**

**Sak 22 – 2019: Kostnad til leige av trompetist i samband med tre
konfirmasjonsgudstenester
Soknerådet støttar samrøystes dette.**

Sak 23 – 2019: -Maling av preikestol, lesepult og døypefont. Mona orienterte.

**Har fått tilbod om utføring av dette arbeidet. Soknerådet godkjenner tilbod
på kr. 39500. Kyrkjevergja signaliserer at fellesrådet vil ta delar av utgiftene
som vedlikehald.**

**Kommitèen må melde frå til alle instansar at arbeidet vert gjort i den
avtalte perioden.**

Per Harald Gjerde
Skrivar